

Dato: 01.04.80

Utvalgt til  
Kommunestyret

## REGLAR FOR BRUK AV KOMMUNEVÅPENET

I kommunestyret sitt møte 13.12.79 vart det gjort følgjande vedtak:

I det teiknaren Magnus Hardeland sitt framlegg vert godkjent, vert fastsett at

1. Bømlo kommune sitt våpen skal vera eit sølv sjøblad på raud botn.
2. Bømlo kommune sitt flagg skal vera eit kvitt sjøblad på raud botn.

I Statsråd 29.02.80 vart kommunestyret sitt vedtak godkjent, og det vart ved Kgl.res. fastsett at kommunevåpen og -flagg skulle vera slik kommunestyret hadde vedteke.

Magnus Hardeland er no i gang med å reinteikna kommunevåpenet for bruk på brevark, konvoluttar m.v., og han vil og arbeida ut modell for vanleg kommuneflagg, hengande banner og bordflagg.

Før våpenet og flagget vert teke i bruk bør det utarbeidast reglar for bruken av desse, og eg har tillete meg å laga eit utkast til slike reglar. Utkastet bygger på tilsvarande reglar for Karmøy kommune, men eg har og nytta meg av "Forskrifter for bruk av Lier kommunes våpen" (Kommunalt Tidsskrift nr. 9 1976).

Eg skal få koma med nokre merknader til einskilde av punkta i utkastet:

- Til pkt. 3: Det må vera ein klår føresetnad at unntak berre vert gjeve når det er særlege grunnar som talar for, og at det vert sett svært strenge krav til utforming, materialval og bruk (jfr. pkt. 4).
- Til pkt. 5: Dette kan ikkje setjast i verk før det er laga ei utgåve av kommunevåpenet i sølv og emalje, til påloding av pokalar m.v.
- Til pkt. 6: Slike tildelingar vert i første rekke aktuelt ved besøk til/frå venskapskommunar, flåtebesøk og større tilskipingar/arrangement i kommunen.
- Til pkt. 8: Unntak frå kommunen sin einerett til å flagga med kommuneflagget bør nyttast med varsemd, og helst berre til lag og organisasjonar i samband med større tilskipingar m.v. Normalt bør ikkje kommuneflagget nyttast utan at ein samstundes heiser det norske flagget.

Normalt vert kommunevåpenet på trykksaker o.l. attgjeve i fargar, dvs. raudt på kvitt papir. Trykking med både raudt og sølv kjem berre på tale for trykksaker som berre skal nyttast ved særlege høve, høgtidelege dokument o.l. Ved konvoluttar av annan farge enn kvitt, i lysingar og kunngjeringar, dei fleste trykksaker m.v.

nyttar ein kommunevåpenet i svart/kvitt utgåve. Elles vil kommunevåpenet kunna attgjevast i ulike materialar og teknikkar, t.d. malvove, brodert eller gravert.

Eg har funne det unødvendig å arbeida slike sjølvsgde ting inn i reglane.

Framlegg til

v e d t a k :

Det vert vedteke "Reglar for bruk av kommunevåpen og -flagg for Bømlo" i samsvar med eit framlagd utkast, merka "April 1980".

  
Peder Stavland